



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 25.10.2018  
**Møtestad:** Møterom 3  
**Møtetid:** 14.00 – 16.10

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 17.10.18 og møtet var kunngjort i pressa 10.10.18.

Seniorrådgjevar Rune Fanastølen Tuft frå Asplan Viak orienterte om planar for utviding av Meland gravplass. Kyrkjeverje Anne Sofie Uthaug var og til stades.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Utvalsleiar
Klara Hansen		Nestleiar
Klara Mongstad		Medlem
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Stian Lavik		Medlem
Erling Rønnestad		Medlem
Olaug Tveit		Medlem

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Martin Kulild tok del i delar av møtet.  
Byggesaksansvarleg Merethe Tvedt ved handsaming av sak 43.  
Rådgjevar plan, utbygging og kommunalteknikk Berit Eskeland ved handsaming av sak 44.

Protokollfører: Randi Hilland

26. oktober 2018

Sigurd Knudsen  
leiar

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

Saknr	Tittel
36/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
37/2018	Godkjenning av møtebok
38/2018	Referatsaker
39/2018	Aktuelle saker
40/2018	Framtidig Alver Eldreråd
41/2018	Den Internasjonale Eldredagen
42/2018	Orientering om status utvikling av Frekhaug og Langelandskogen
43/2018	Høyring - Kunngjering av reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy
44/2018	Offentleg ettersyn og høyring - Reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal

## **36/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **25.10.2018 ELDRERÅDET**

Merknad at innkalling kom først på mandag. Konklusjon er at innkallinga må sendast tirsdag i veka før møtet.

### **ER - 36/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Innkalling med ovannemnde merknad og sakliste vert godkjent.

---

## **37/2018: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok frå møte 06.09.18 vert godkjent.

### **25.10.2018 ELDRERÅDET**

### **ER - 37/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Møtebok frå møte 06.09.18 vert godkjent.

---

## **38/2018: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **25.10.2018 ELDRERÅDET**

Klara Mongstad refererte til møteprotokoll frå Fylkeseldrerådet i Hordaland 27.09.18 der sak om tannhelse til heimebuande eldre vart teken opp.

Eldrerådet i Meland har hatt oppe denne saka tidlegare. Det er ikkje kome fram nye opplysningar i denne saka.

Når det gjeld den føreslegne flyttinga av tannklinikken i Frekhaug, så vil Eldrerådet ta opp denne saka på nytt.

Erling Rønnestad refererte frå møte i Utval for drift og utvikling.

Stian Lavik refererte frå møte i Utval for levekår.

Klara Hansen og Sigurd Knudsen refererte frå møte med ordførar:

- Pleie og omsorg og barnevern har brukt meir enn det som var budsjettert  
Har fått utbetalt meir frå Havbruksfondet.
- Neste års budsjett vert svært krevjande
- Positivt at Bergen kommune går inn for å prioritere Vågsbotn - Tellevik
- Nordhordlandspakken: vegprosjekt på Radøy vert dyrare enn berekna  
Har starta opp arbeidet med undergang på Holme.
- Har starta opp arbeidet med "råd og utval" i Alver kommune

Ordførar vil kome på neste møte, 29. november.

**ER - 38/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Meldingane og orienteringane vert tekne til vitande.

---

**39/2018: Aktuelle saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**25.10.2018 ELDRERÅDET**

Følgjande saker vart tekne opp:

- Utval for levekår fekk ei orientering om støttekontaktordninga  
Eldrerådet ønskjer informasjon om støttekontakt for folk som bur på sjukeheimen.
- Enkelte med høgt forbruk som bur på sjukeheimen har problem med å klare seg økonomisk  
Ønskjer informasjon om kva det kostar å få t.d. fotpleie, frisør  
Klage på vask av finare klær på sjukeheimen

Eldrerådet ønskjer orientering om desse sakene på eit seinare møte

- Korleis løyser ein utfordringar med velferdsteknologi ved straumstans og manglande mobildekning?  
Må ha ein back-up ved straumstans

**ER - 39/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

---

**40/2018: Framtidig Alver Eldreråd**

**Rådmannen sitt framlegg:**

## **25.10.2018 ELDRERÅDET**

### **ER - 40/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Frå Eldrerådet i Meland vil Olaug Tveit, Klara Hansen, Klara Mongstad, Sigurd Knudsen og Erling Rønnestad ta del i møte i Lindås kyrkjelydsenter torsdag 1. november.

---

## **41/2018: Den Internasjonale Eldredagen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **14.06.2018 ELDRERÅDET**

Nytt planleggingsmøte 3. september kl. 13.00.

### **ER - 25/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Markering av Den Internasjonale Eldredagen 2018 vert laurdag 29. september frå kl. 12.30 - 16.00 i rådhuset på Frekhaug.

Planlagt programmet så langt:

Helselaget har kafé i kantina

Trygve Fet heldt foredrag om "Bymann og stril"

Elevar frå kulturskolen underheldt

Ordførar tek del

Pensjonistkoret underheldt

Seniordansarane underheldt

Stand - velferdsteknologi

Stand - Melandstrøya

Stand - lage enkel utanlandsk matrett

## **06.09.2018 ELDRERÅDET**

Sigurd Knudsen refererte få siste møte i komiteen for Den Internasjonale eldredagen:

Programmet vert slik som tidlegare vedteke, og er på det næraste klart med oppsett tid.

### **ER - 32/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Orienteringa vert teken til vitande.

## **25.10.2018 ELDRERÅDET**

### **ER - 41/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Evaluering:

Gode tilbakemeldingar, men litt lang pause, ein del folk gjekk i pausen.  
Bør korte inn pausen.

---

## **42/2018: Orientering om status utvikling av Frekhaug og Langelandskogen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **25.10.2018 ELDRERÅDET**

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal var forhindra frå å kome og orientere.  
Eldrerådet vedtok å utsetje saka.

#### **ER - 42/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Saka vert utsett.

---

## **43/2018: Høyring - Kunngjering av reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **25.10.2018 ELDRERÅDET**

Byggesakansvarleg Merethe Tvedt orienterte.

#### **ER - 43/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Eldrerådet meiner at det er ein føremon dersom byggetrinn 1 og 2 vert bygd ut samtidig.  
Gode gang- og sykkelveggar må vere på plass i 1. byggetrinn.

---

## **44/2018: Offentleg ettersyn og høyring - Reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **25.10.2018 ELDRERÅDET**

Rådgivevar plan, utbygging og kommunalteknikk Berit Eskeland orienterte.

#### **ER - 44/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Eldrerådet meiner at det er bra at det vert utvida kapasitet på vassforsyninga og at vegen vert utbetra/lagt om.

---